

**Sakshandsamar:**

Nils R. Sandal

E-post: nils.r.sandal@sf-f.kommune.no

Tlf: 57 65 61 17

**Vår ref.**

Sak nr.: 06/1873-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

8265/06

**Dykkar ref.**

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

**Dato**

LEIKANGER, 27.04.2006

## Nasjonal helseplan for 2007-2010

### Innspel

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde på møte 26.04.2006 slikt samrøystes vedtak i sak 059/06:

#### ”A) Helsepolitikk

Fylkesutvalet viser til invitasjonen til dialog om Nasjonal helseplan, og ønskjer å bidra aktivt i ein dialog om viktige helsepolitiske problemstillingar i Helse vest. Fylkesutvalet vil også peike på at spesialisthelsetenesta er viktige samfunnsaktørar med vesentleg betydning for arbeidsplassar, busetnad og for kompetanse i fylket. Fylkesutvalet ønskjer ein konstruktiv dialog der også desse rollene blir sett i samanheng med dei helsepolitiske utfordringane.

Fylkesutvalet meiner at målet om likeverdige helsetenester til innbyggjarane i landet må stå ved lag, det vil seie at alle skal ha likeverdig tilgjenge til moderne spesialisthelsetenester med god kvalitet, kapasitet og akseptabel nærleik. For Vestlandet sin del må tenestestrukturen og prehospitale tenester ta høgde for utfordringar knytt til lange reiseavstandar.

Nasjonal helseplan må ha strategiar for auka satsing på folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen ønskjer å utvikle nærare samarbeid med helseføretaka innan dette feltet – spesielt innan: forskning, vidareutdanning og kompetanseheving.

Fylkesutvalet meiner at det bør gjerast nærare utgreiingar om rolla til lokalsjukehusa. Beredskapstenester inkludert akuttfunksjonar og fødetenester, tenester for kronikar og eldre må utformast slik at vi får robuste/levedyktige lokalsjukehus med god rekruttering og kvalitet.

Prosjektet ”Nærstjukehus Florø” i regi av Helse Vest må utviklast i tråd med målsettinga om eit fagleg nært tilpassa tilbod til ei veksande gruppe kronikarar som er storforbrukarar av sjukehusstenesta.

Primærhelsetenesta har rekrutteringsproblem. Spesialisthelsetenesta må ta omsyn til dette og finne gode løysingar samla sett med utgangspunkt i dei lokale forholda. Nye samhandlingsmodellar mellom primær- og spesialisthelsetenesta må utviklast.

Mangel på legespesialistar er stor i Helse Førde. Dette medfører store ekstrautgifter. Fylkesutvalet meiner at det må settast inn ekstra rekrutteringstiltak for å skaffe fleire spesialistar til vårt fylke.



Fylkesutvalet meiner at fylgjande pasientgrupper må få eit styrka tilbod i planperioden: psykisk sjuke, rusmiddelmissbrukarar, eldre og pasientar med kroniske sjukdomar og pasientar som treng rehabilitering/habilitering. For innbyggjarane i Sogn og Fjordane må tenestetilbodet til psykisk sjuke barn og unge, rusmissbrukarar, kronisk sjuke samt prehospitale tenester ha særleg prioritet i planperioden.

## B) Økonomiske føresetnader

Fylkesutvalet forventar at forskjellen mellom dei regionale helseføretaka når det gjeld økonomiske rammer vert utjamna snarast råd i perioden.

Fylkesutvalet forventar at investeringsnivået ved sjukehusa vert auka slik at bygningsmassen og medisinsk-teknisk utstyr vert vedlikehalde og vidareutvikla.

For å realisere dei helsepolitiske måla for dei prioriterte pasientgruppene må dei økonomiske rammene for Helse Førde aukast.

## C) Organisering

Ordninga med at folkevalde utgjør over halvparten av styra for helseføretaka er eit viktig skritt for å forankre føretaka i fylka. Dette er ein krevjande blandingsmodell. Vi må ha eit ope system med brei dialog i regionane/fylka der ein drøftar rammene og utfordringane for føretaka. Det regionale nivået må få ei bestillarrolle i høve helseføretaka. Helseføretak må og vere pliktige til å drøfte med lokale og regionale folkevalde organ større endringar i tenesteproduksjonen.

Ved ei eventuell forvaltningsreform meiner fylkeskommunen at spesialisthelsetenesta må leggjast til regionalt nivå, jfr vedtak i fylkestingsak 4/06.”

Med helsing

*Nils R. Sandal*

Nils R. Sandal  
fylkesordførar

*Knut Henning Grepstad*  
Knut Henning Grepstad  
sekretariatsleiar